



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato  
25.08.2010  
Dykkar dato

Vår referanse  
2010/6379 422.4  
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

|                       |               |
|-----------------------|---------------|
| Landbruks- og matdep. |               |
| Saksnr.:<br>200901626 | Doknr.:<br>24 |
| Mottatt: 27 AUG 2010  |               |
| Saksbeh.:<br>ASR/SEB/ | Ark.:<br>442  |
| Kopi:                 | Avskr.:       |

### HØYRING – UTKAST TIL NY FORSKRIFT FOR HANDSAMINGA AV SØKNADER OM ODELSFRIGJERING.

Det vert synt til departementet sitt høyringsbrev av 12.4.2010.

Det vert gjort framlegg om ei rad endringar og presiseringar i reglane for handsaming av odelsfrigjerings sakene. Eit viktig mål med endringane er å gjere handsamingstida så kort som mogleg. Fylkesmannen vil nedanfor kommentere dei viktigaste endringsframlegga.

#### ***1. Kortare frist for å søkje odelsfrigjering:***

Det vert innført ein frist på to månader for den som vert stemna i ei odelsløyssingssak til å søkje om odelsfrigjering. Dette bør vere ei rimeleg lang nok omrømingstid for den som sit med eigedomen. Tidlegare har det ikkje vore nokon slik konkret frist, noko som opplagt har vore med å dra ut tida. Fristen på 1 månad for odelsberettiga til å kome med uttale til søknaden, trekkjer i same lei.

***2. Den formelle vurderinga av om vilkåra for å søkje odelsfrigjering, vert lagt til kommunen i alle odelsfrigjerings saker (odelslova § 30-32). Klage går til fylkesmannen***  
Grunngjevinga for ordninga med ei slik førebels vurdering av formalia, er at odelsløyssingssak som er reist, skal stansast i medhald av odelslova § 33 til spørsmålet om odelsfrigjering er avgjort i forvaltninga

Både reglane om kva som er odelsjord, og dei andre formelle vilkåra for odelsløyssing, er etter lovendringane i 2009 vesentleg forenkla og fylkesmannen ser poenget med å ha mest mogleg like reglar for sakshandsaminga av alle odelsfrigjerings saker. Fylkesmannen er likevel noko i tvil om det er ei god løyssing å leggje til kommunane den prejudisielle avgjerda i sakstyper som i den enkelte kommune vil opptrer så sjeldan som odelsløyssingssak etter §§ 30 og 32.


***3. Fylkesmannen gjer realitetsvedtak om odelsfrigjering i første instans i alle saker. Alle klagesaker vert avgjort av SLF.***

Fylkesmannen syner til at det på landsbasis berre er eit fåtall saker om odelsfrigjering etter odelslova §§ 30 og 32. I Hordaland har vi såleis ingen erfaring med desse sakene.

Fylkesmannen legg vekt på forenklinga som framlegget fører med seg, og legg til grunn at fylkesmannen vil ha kompetanse til å avgjere desse sakene og har ikkje vesentlege innvendingar mot framlegget.

Fylkesmannen ser det elles som positivt at det no kjem klargjerande reglar for sakshandsaminga i desse sakene.

Med helsing

  
Berit K. Rystad e.f.  
Leiar areal og landskap

  
Per Albert Lund  
seniorrådgjevar